

No nærmar det seg slutten på eit «turbulent» skuleår ved Sæbø skule.

I den forbindelse har eg har nokre spørsmål til spørjetimen 19. mai.

Spørsmåla gjeld kommune- og skuleleiing si rolle for å ivareta elveane sitt psykososiale miljø.

### **Opplæringslova § 9a-3. *Det psykososiale miljøet***

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

**Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.**

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

### **Spørsmål 1:**

Kva gjer kommuneleiinga for å sikra at alle tilsette i Radøy-skulen er kjend med den handlingsplikt som her er beskrive i 2. ledd?

### **Spørsmål 2:**

Kva system har skuleleiinga ved Sæbø Skule for oppfølging av varsel frå tilsette vedrørande elevane sitt psykososiale miljø?

### **Spørsmål 3:**

Kva gjer kommuneleiinga for å følgja opp tilhøva ved Sæbø Skule i tida framover?

Mvh.

Thomas O. Lilletvedt